

nr. 5 - 2011

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular



Lærte å lese fortare med data

Førsteklassingane på Imsland skule har ikkje brukt blyant og papir i det heile teke dette skuleåret. Dei har bare brukt data. Lærar Bodil Imsland fortel at dette har vore ein suksess med tanke på både leseopplæring og rettskriving. TEKST: ELIN MOEN KARLSEN FOTO: TOYNI TOBEKK

Lærte å lese fortare med data...

K

ontaktlærer Bodil Imsland ved Imsland skule i Vindafjord kommune var på kurs på Brevet kompetansesenter i Oslo i fjor vår for å lære å bruke eit nytt verktøy til å drive lese- og skriveopplæring med. Metoden går ut på at elevar allereie frå 1. klasse av bare skal bruke data, ikkje penn og papir.

— Dei får høyre bokstavlydane, og etter kvart orda og setningane, i øyretelofonane heile tida medan dei les og skriv. Eg har i løpet av dette året med første klasse opplevd at elevane knekkjer lesekode tidlegare ved å jobbe på denne måten, fortel Bodil Imsland.

Ho er kontaktlærer for første og andre klasse ved Imsland skule, ein klasse som er slått saman på tvers av trinna og har sju elevar.



Rektor Marita Lindal Haug har vore ein pådrivar for leseprosjektet på Imsland skule.

— Metoden kan fungere like godt i større klassar. Det som krevst, er tilgjengelege data-maskinar, øyreklokker og ein lærar som kan gå rundt og snakke med dei medan dei skriv, seier Imsland-læraren.

Lagar si eiga leselekse

Elevane hennar har brukt ein halvtime kvar dag på å skrive egne tekstar.

— Etter at dei er ferdige med å skrive, må dei få tekstane retta før dei skriv dei ut. Tekstane blir nemleg nytta som leselekse, som dei skal lese høgt for ein vaksen heime, fortel Bodil Imsland.

— Dei skriv egne tekstar ut i frå eit gitt tema. Det er jo litt koseleg, då, for eg blir godt kjend med dei. I tillegg kan dei også alle orda, og

dei får ikkje ein ukjend tekst som leselekse. Dei er veldig stolte av

å ha laga tekstar sjølve. I tillegg blir dei flinke til å skrive rett, held ho fram.

Ho peikar på at metoden også er individualiserande, ved at kvar elev jobbar på det nivået han eller ho er på.

— Det har eigentleg vore både enkelt og hektisk å undervise på denne måten. For elevane sin del så har dei allereie i løpet av første klasse lært seg å skrive med to hender på tastaturet, dei loggar seg på, finn Word-dokument, koplar opp programmet, finn rett skrifttype og storleik, lagrar dokument, lager mapper, skriv i pratebobler og kopierer bilete på Internett, fortel Imsland.

Byrjar med blyant i andre

Når elevane byrjar i andre klasse, byrjar dei å bruke blyant og papir i tillegg til datamaskin.

— Dei seier at dei får finare handskrift av å venta til dei går i andre klasse med å skrive for hand. Då er finmotorikken betre enn i første klasse. Det blir spennande å sjå, seier kontaktlæraren.

Imsland og Skjold skular i Vindafjord i Rogaland er pionerskular som prøver ut denne alternative lese- og skriveopplæringsmetoden som svenske Mona Wiklander er hjernen bak.


— Denne metoden er lite brukt i Noreg hittil, men i Sverige har dei fått gode resultat på nasjonale prøvar som ei følge av denne måten å lære å lese og skrive på. Mitt inntrykk er at metoden fungerer veldig bra, også for dei svakaste elevane, slår Imsland fast.



Sara og Mathias er klare til dagens lese- og skriveøkt, utstyrt med øyretelofonar og pc.



Lærer Bodil Imsland ser gode resultat av pilotprosjektet skulen er med på.



Lærer lett med data

Mona Wiklander seier sjølv om den alternative opplæringsmetoden:

– Vi treng ikkje anna enn data. Vi treng ikkje bøker, vi treng ikkje papir, ikkje penar. Barn skal lese kvar dag. Alle barn blir gode lyttarar. Dei bokstaverer seg fram, leiter seg fram på tastaturet og held på til dei klarer det. Det er fascinerande å sjå kor lett dei lærer ved å bruke datamaskinen.

Rektor ved Imsland skule, Marita Lindal Haug, melde skulen på prosjektet «Tidlig innsats» etter eit rektormøte i kommunen. Her blei rektorane fortalde om prosjektet som var oppretta av Statped Vest, eit spesialpedagogisk kompetansesenter i Bergen, av Bretvet kompetansesenter i Oslo og av KS, interesseorganisasjonen for norske kommunar.

– Eg er veldig glad for at eg melde oss på, for eg er veldig nøgd med resultatet av prosjektet. Det at vi vel å halde fram med prosjektet, seier vel litt om kor nøgde vi er. Eg vil også rose læraren som reiste på kurset og blei engasjert. Ho har gjort ein kjempejobb, som ho i tillegg har dokumentert gjennom ein logg, seier Imsland-rektoren.

Eit supplement og eit verktøy

Haug understrekar at prosjektet «Tidlig innsats» ikkje er ein ny opplæringsmetode, men eit supplement til tradisjonell lese- og skriveopplæring og eit verktøy til å lære å lese og skrive.

– Alle lesestimulerande aktivitetar må nyttast i tillegg, slår ho fast.


Ho rår skular som vil prøve metoden, til å nytte erfaringa som finst i skulen.

– Det må vere rutinerte lærarar, som

har hatt første klasse før, som gjer denne jobben, seier Haug.


Ho fortel vidare at sjølv om det er Mona Wiklander som står bak ideen om talande tastatur, så var det Arne Trageton frå Stord som hadde ideen om å skrive seg til lesing, som metoden hans vert kalla. Trageton var førsteamanuensis i pedagogikk ved Høgskulen Stord/Haugesund før han pensjonerte seg.

Frå hausten av skal alle skulane i Vindafjord kommune bli med på prosjektet.



Returdresse:
Pirion
Næringsbedet
i Vatlandsvåg
4235 Hebnes
NORGE

B



www.pirion.no

PIT PARION

HOPP ELLER STOPP!

«Kan eg gå på is kan eg gå på vatn. Kan eg gå på vatn kan eg alt.» Ord som fyller og flyttar tankane. Som tryllar til du trur du kan klare alt. Slike ord finn du i den nye diktboka *Sølvbåt og stjernevind*. Ein gong trylla orda slik at dei fekk ei dame til å tru at ho kunne flyge!

Ho las desse dikta og tenkte: Visst eg hoppar no, så flyg eg! Høgt til vërs! Korleis trur du det gjekk?

Eg blar i den påkosta diktantologien. Over hundre nye dikt for barn. Mange forfattarar. Fem illustratørar. To redaktørar. — Å setje i gang med eit så omfattande og ressurskrevjande prosjekt som dette er galskap, seier forlagsredaktør Anne-Stefi Teigland i Mangschou forlag. — Men utan galskap går ikkje verda framover. Vi stagnerer, stoppar opp. Så vi hoppa, utan nett, utan å sjå kvar vi ville lande. Desse dikta fekk oss til å tru at vi kunne flyge. Slik gode dikt kan.

— Vi må få borna inn i litteraturen frå dei er små, inn i språket, inn i si tid. Born må få lese tekstar frå si eiga tid, tekstar som er blitt til i samtida, smiler Anne-Stefi Teigland. Per Olav Kaldestad og Hanne Bramness, dei to redaktørane for boka, inviterte etablerte vaksenbok-lyrikarar til å skrive lyrikk for barn. Berre dei beste kom med. Alle kan ikkje like alt, men eg garanterer at alle vil finne noko

dei likar. Og det vil endre seg. Neste år likar du noko anna. Dette er ei bok som veks med lesaren, om du er liten eller stor. God lyrikk for barn er god lyrikk for alle, seier Per Olav Kaldestad.

I forordet til boka skriv Per Olav Kaldestad og Hanne Bramness til lesaren og forklarar korleis ein kan vite kva eit dikt er. Korleis diktet

kan flytte på tankane dine og bli til ein veg til ditt eige språk. Det er ein fin tekst til den vaksne formidlaren også. Så blar eg om og møter

den første illustrasjonen. Blar vidare og forstår at illustrasjonane er systemet. Ikkje tema. Ikkje tekst. Det er teikningane som bestemmer. — Bileta er like viktige som orda, seier Anne-Stefi Teigland. — Dei fortel andre ting, fleire ting, dei opnar teksten og let deg dikte vidare. Boka er eit utstillingsvindaug for norsk illustrasjons-

kunst, avsluttar ho entusiastisk.

Korleis det gjekk? Den som diktar, får sjå! I mi forteljing landar ho mjukt og varmt i skyer av gode barnetankar som stig opp frå alle fang der det sit ein unge og drøymar, ler og undrar seg over alt det den vaksne les, og over bileta dei ser i lag. Og så går verda litt framover!



Janne Karin Støylen
Litteraturmedarbeidar, Nasjonalt senter for nynorsk opplæring

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevingar frå?

PiRion -kurs Les meir på
www.pirion.no

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no